

Lupe Møre og Romsdal

Årsmelding for 2022 – LUPE Vanylven lokallag

Covid 19 har sjølvsagt prega arbeidet i LUPE også i 2022, men i mindre grad enn i 2021.

Fylkeslaget har 95 enkeltmedlemmer. Av desse høyrer 64 til i Vanylven lokallag. Siste åra har ein hatt felles årsmøte med fylkeslaget, noko som ikkje vert akseptert av overordna organ. Ein har derfor eiga årsmelding og eige årsmøte for kvart av laga i år.

Slitasje bland dei aktive medlemmane merkast godt, og ein inviterer på nytt medlemmer til å melde seg for aktivitet i laget no når landet har opna opp att.

Styret:

For tredje året har ein hatt same personar i styret både i fylkes og lokallaget.

Grunna slitasje og ønskje om å gå ut av styret for fleire av dei tillitsvalde, blei styret si funksjonstid for dei som skulle gå ut i 2022, forlenga med eitt år for konsolidering. Styret har hatt slik samansetning gjennom året:

Leiar	Kristin Otneim Aarsnes	På val i 2023
Kasserer	Brynjar Hatlegjerde	På val i 2023
Sekretær	Otto Drage	På val i 2023
Styremedlem	Wigdis Hellstrøm,	På val i 2023
Varamedlem	Sølvi Bruland	På val i 2023

Valnemnd i eitt år:

Otto Drage, Kristin Otneim Aarsnes og Wigdis Hellstrøm

Revisor:

Revisor har vore Hallvard Takset, vald for eitt år.

Årsmøte: 23 april på arbeidsenteret på Fiskå.

Styremøte: Ein har hatt 2 styremøte.

Likemannsarbeid:

Følgjande var deltakarar til sentral likepersonsamling på Olavsgård 10 – 12 juni: Jan Svein Hammer, Anne Hammer, Wigdis Hellstrøm, Per Brekke, Dagny Brekke, Åse Brekke, Sølvi Bruland Kristin Otneim Aarsnes, Geir Aarsnes, Runhild Otneim og Otto Drage.

Ein har hatt 7 likepersonsamlingar.

I tillegg har ein hatt likepersonsekvensar som overtyre og undervegs ved dei fleste samlingane. Likepersonarbeidet har fungert som før, men med mindre volum. Vi har registrert 12 aktive likepersonar. Likepersonomgrepet er ikkje så enkelt å definere kort. Det er heller ikkje enkelt å få til erfaringsutveksling på kommando. Vi har meint at det viktige i likepersonarbeidet er å skape møteplassar for pårørande og ein inkluderande, generøs og open stemning når vi møtes. Her har leiarane eit særleg ansvar for å skape dette. Då kan «nabopraten» og erfaringsutvekslinga blomstre.

Medlemsmøte:

Ein har hatt eit medlemsmøte 30 september, der halve innhaldet var likepersonsamling.

Monsiaden: Lupe er aktivt med i planlegging og gjennomføring av Monsiaden.

Vanylven lokallag av LUPE har ellers hatt hatt følgjande velferdsprosjekt.

- 4 filmkveldar april til desember. Ca 15 deltakarar kvar gong.
- Ein grillaften 8 juni. Ca 25 deltakarar.
- Ein tur til Moa/ Ålesund den 13 oktober. Ca 10 deltakarar.
- Eitt dataopplæringskurs 4 november. 6 deltakarar.
- Julebord på Eidsåttun den 18 november. Ca 55 deltakarar.
- Lupe har stått som «ansvarleg» ved 5 badedagar på Åheim skule, 7 deltakarar kvar gong.

Representasjon/deltaking:

22 oktober. Delteke på FFO sin samling på Vestnes. Otto Drage og Jan Svein Hammer deltok. Delteke med stand i FFO Vestland si samling i Førde i november. Dei same deltok her.

Tildelt støtte for 2022:

I grasrotmidlar har vi frå Norsk Tipping motteke kr 2 592.

I momsrefusjon har vi fått overført kr 3 620.

Kulturtilskottet frå Vanylven kommune var kr 7 450.

Tilskota krev omfattande søknadar og detaljert rapportering.

Åheim 26.02.2022

Otto Drage
skrivar
For styret